



Johan Storm Munch saman med Kristian Bringedal. Dei står ved Kinck-statuen i Strandebarm

Frå Johan Storm Munch i Strandebarm, som har sterke historiske røter også på denne sida av fjorden, har vi fått eit apropos til omtalen av skiboka som no er gjeve ut.

Storm Munch opplyser at han har gamle ski som vart nytta av Kristi og Johannes Tvedt vinterstid frå Sponhaug øvst i Omvikdalen til Bjørnebøle frå 1915 til 1921.

Dei budde på fjellgarden i den perioden og var nede på den øvste garden ein gang i månaden for å henta post og høyra nytt frå bygda.

Johan har nytta skiene på Tangerås i Strandebarm. Skiene er laga av eik og heimegjorde medan stavane er av grov bambus med store trinsar for bruk i laus fjellsnø,

Hvis andre har ski og skiminne få ei anna tid vil det vera av stor interesse å høyra om det. Send det til oss snarast!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen